

# SIM nytt

1/2015

MARS • ÅRGANG 22

**Me går for  
rein natur**



Skann QR-koden for meir informasjon



# SIM går for rein natur

SIM er oppteken av eit reint og fint Sunnhordland. Den interessa veit me at me deler med innbyggjarane i alle Sunnhordlands kommunane. Difor legg SIM til rette for at me alle kan vera med og bidra til at naturen rundt oss har det bra og ser fin ut.

SIM har i mange år organisert ulike ryddetiltak for innbyggjarane. Det gjer me i år også. I fjor starta me aksjonen «Rydd ei strand». I år er det Friluftslivets år og me ynskjer difor å ha fokus på gode haldningars knytt til våre flotte friluftsområder. Me startar difor aksjonen «Rydd ein sti». Under mottet «Me går for rein natur» vil me at alle som er ute og ferdast i naturen skal ha fokus på at det er reint og fint der ein går.

## Kva er Rydd ein sti?

Me veit at folk flest er flinke til å ta med seg sitt eige bos når ein er ute i naturen. Med «Rydd ein sti» ynskjer me at ein også kan ta ansvar for det ein ikkje har kasta sjølv. Kva om kvar og ein av oss tok med seg den plastposen eller den flaskan ein

såg liggja langs stien, i staden for at den berre vert liggjande? Saman med lokale turlag i Sunnhordlands kommunane vil me i 2015 ha ekstra fokus på dette.

## Kven kan vera med?

SIM oppfordrar alle som går tur til å ha fokus på rein natur, og ta med seg bos som ligg i naturen. Lokale turlag kan få støtte dersom dei aktivt går ut og

oppmodar sine medlemer til å ta med seg bos ein ser på sine turar i nærmiljøet.

## Korleis?

Ta med ein pose når du er ute på tur. Dersom du ser rusk og rask liggjande på vegen, ta det med deg. Dersom du oppdagar større mengder bos, ynskjer me at du melder frå om dette til SIM.



## #simreinnatur

Me likar alle å ha det reint og ryddig rundt oss. Slik vil me ha det heime og slik vil me ha det når me går ute i naturen. Det er eit felles ansvar at det er ryddig i naturen. Me oppfordrar difor deg til å bli med i ein storstilt ryddeaksjon. Går du ute og ser noko bos så plukk det med deg! Dersom du tar du biletet av at du plukkar bos, postar det på Instagram

og taggar det med #simreinnatur er du med på å lage verdas største virtuelle boshaug. Som belønning for at du bidrar til eit reinare miljø er du med i trekninga av ein IPad mini.

Følg med på sim.as/reinnatur (eller scan QR-koden) for å sjå kor mykje bos som er plukka.

Kvart biletet er med i trekninga, altså jo meir bos du plukkar jo større vinnarsjanse har du. Bilete må vera opent for alle brukarar på Instagram.

Ta biletet av deg sjølv som  
plukkar bos eller naturbilete  
der du har plukka bos.

# Rydd ei strand

## Kva er Rydd ei strand?

Rydd ei strand er eit tiltak for å få fokus kring maritim forsøpling. Me bur i kystkommunar og veit at mykje av avfallet som hamner i våre strender ikkje kjem frå innbyggjarane lokalt. SIM ynskjer å setja fokus på marin forsøpling, som har utvikla seg til eit stort samfunnssproblem. Frå å vera eit visuelt problem er forsøpling av kyst og hav blitt eit problem som no trugar både fuglar, dyr og mennesker. Ein veit at størstedelen av avfallet som hamnar i sjøen er plastavfall. Plasten vert der til små partiklar som igjen hamnar i kretsløpet til dyr, fiskar, fuglar og folk. SIM ynskjer å leggje tilrette for at innbyggjarane kan vera med og ta eit felles ansvar for kysten vår. Ein kan vera med på dette ved å rydda ei strand, for deretter å få hjelp av SIM til å bli kvitt avfallet. Mange friviljuge ynskjer å gjera ein innsats mot denne typen avfall. SIM ynskjer å støtte denne dugnadsånda.

## Kven kan vera med?

Velforeiningar, burettslag og andre grupper av friviljuge som ynskjer å rydda område andre ikkje har plikt til å rydda etter foreningslova. SIM set som krav at det vert oppført ein vaksen kontaktperson som står ansvarleg for ryddinga. I tillegg lyt ein, saman med søknaden, senda inn biletet av stranda ein ynskjer å rydda, samt laget sitt organisasjonsnummer. Før pengane vert utbetalte, lyt ein senda inn biletet av stranda etter ryddinga.

## Kven kan IKKJE vera med?

- Ein kan ikkje rydda stader eller områder der ein etter lova sjølv eller andre har ryddeansvar

## Døme på område som kan ryddast

- Strender som kommunen ikkje har rydeavtale for
- Områder som ikkje andre har ansvar for å rydda
- Avfall som grunneigar openbart ikkje har ansvar for

## Korleis meld a seg på?

Bruk påmeldingsskjemaet på [www.sim.as](http://www.sim.as) (velg SIM, trykk deretter på «Sjølvbetjening» og finn skjemaet for «Påmelding Rydd ei strand»).

## Kva skjer etter at søknaden er sendt?

SIM avgjer om tiltaket er innanfor føremålet til ryddeaksjonen. Dersom det er det, tek SIM kontakt med den som er ansvarleg for tiltaket for å gjera avtale. Før ein startar å rydda, lyt ryddinga vera avklara med grunneigar.

## Kva kan ein få i støtte?

- Det vil variera frå område til område
- Det kan dreia seg om ein symbolisk pengesum for å støtta dugnadsånda
- Det kan vera hjel til å kvitta seg med avfallet
- Det kan vera hjel til å få tak i avfallet
- SIM vil, etter samtal med grunneigar, vurdera dette.

Du kan ta biletet av deg sjølv når du plukkar bos, naturbilete med bos eller når du har rydda boset.

Ein heldig vinnar vil bli trekt ut 15. juli. Alle som har tatt biletet innan denne datoan er med i trekninga av ein iPad mini.



# Rydd i nærmiljøet

## Kva er Rydd i nærmiljøet?

SIM har i mange år oppmoda innbyggjarane til å rydda i sitt nærmiljø. Mange har lagt desse ryddeaksjonane til våren, då det ofte er på denne tida bos som har samla seg gjennom hausten og vinteren dukkar opp. SIM sitt bidrag er å dele ut grøne ryddesekker, som ein får levele gratis på miljøsentralen.

## Kven kan vera med?

Velforeiningar, burettslag og andre grupper av friviljuge som ynskjer å rydda område andre ikkje har plikt til å rydda etter forureiningslova.

## Kven kan IKKJE vera med?

- Ein kan ikkje rydda stader eller områder der ein etter lova sjølv eller andre har ryddeansvar

## Døme på område som kan ryddast

- Buområde
- Nærrområde
- Turstigar
- Skogsteigar

## Korleis meldा seg på?

Bruk påmeldingsskjemaet på [www.sim.as](http://www.sim.as) (velg SIM, trykk deretter på «Sjølvbetjening» og finn skjemaet for «Påmelding ryddeaksjon»).

## Kva skjer etter at søknaden er sendt?

SIM avgjer om tiltaket er innanfor føremålet til ryddeaksjonen. Dersom det er det, sender SIM sekker til den som er ansvarleg for tiltaket. Dette er spesielle sekker som berre kan nyttast i ryddeaksjonen.

## Kva kan kastast i sekkene?

Vanleg hushaldsavfall. (Grovavfall, farleg avfall og elektrisk- og elektronisk avfall (EE) skal IKKJE i sekkene, men leverast til miljøsentralen på vanlege vilkår. Sjå [www.sim.as](http://www.sim.as) for informasjon om farleg avfall og EE-avfall).

## Er det råd å få betaling for å rydda?

Nei. SIM sitt bidrag er å ta imot avfallet og dekka kostnadene med etterbehandling av det.



# Meld frå om forureining

## Kva er Meld frå om forureining?

SIM ber folk melda frå om område som er forsøpla og treng rydding. Døme på område me ynskjer melding om, er villfyllingar i skog og mark, bilvrak og strender.

## Korleis melda frå?

Bruk skjemaet på [www.sim.as](http://www.sim.as) (velg SIM, trykk deretter på Ditt avfall skjemaet for «Meld frå om forureining.»). Eller ring SIM på: 53 45 78 50.

## Kva skjer etter at ein har meldt frå?

SIM vil deretter prøva å finna ut kven som «eig» boset, hjelpa vedkomande i gang med ryddinga og prøva å finna gode løysingar for avfallsleveringa. Den som melder frå treng med andre ord ikkje rydda sjølv, det er nok å tipsa.

## Kva seier forureiningslova om ryddeansvar?

Eit av hovudprinsippa i forureiningslova er at det er den som produserer avfallet som skal betala for avfallsbehandlinga. Lova slår vidare fast at det er vegeigar som har ansvar for rydding langs veg. Den som driv daglegvarehandel, kiosk, bensinstasjon eller liknande skal setja opp boskorger på sitt område, sørja for at dei vert tømde og elles halda området ryddig. Arrangør av tilstelling eller stemne skal sørja for opprydding etter arrangementet.

Dersom ikkje andre eigara/etatar har ansvar for det, skal kommunen setja opp boskorger på utfartsstader og andre mykje besøkte offentlege stader. Den som har ansvar for å setja opp boskorgene, skal også tømma dei og sørja for at området er ryddig.



## Bruk kort!

Ved alle SIM sine miljøsentralar kan ein bruke kort som betalingsmiddel. SIM oppmodar kundar til å bruke kort avdi det går fortare både for deg som kunde og for dei tilsette ved miljøsentralane.




## Kaste ein båt?

Dersom ein har båtar som skal kastast, kan ein ta kontakt med SIM eller miljøsentralen for informasjon.



## VIKTIG!

Ikkje bruk plastposar til matavfall. Bruk bioposar av maisstivelse eller papirposar.



### Det nyttar!

Rydd i nærmiljøet har resultert i 650 aksjonar i Sunnhordlandskommunane sidan oppstarten i 2005.

## Skuleprosjekt

Kvar skuleår inviterer SIM elevar på fjerdetrinnet på besøk, slik at dei får sjå korleis avfallshandteringa skjer i vårt distrikt. Tilbodet består i gratis tur/retur for heile klassen og omvising på miljøsentral, omlastehall, komposteringsanlegg og avfallslass. I løpet av 2014 hadde SIM besøk av bortimot 400 skuleavar og lærarar som fekk læra om kjeldesortering, attvinning og berekraftig utvikling.

# Bli inspirert av Ingvild

*Ein hesjastaur med lysande Norgesglas. Ei pute av ein tova ullgenser. Ei hylle av brukte brødformer.*  
*Bli med inn i Ingvild Eskeland si kreative verdi.*



- Velkommen!

Ingvild tek smilande i mot. Det gjer også hunden Buster. Han snuser på handa. Veremåten tyder på at han er alt for snill til å vere vaktbikkje.

- Vil du ha kaffi?

Det er nesten så ein gløymer å sei ja. For huset til Ingvild rommar så mange spesielle ting som stel merksemda. Ting ein har sett før men som har fått nye funksjonar og oppgåver. Ho har laga seg kontorpult av den gamle kledningen på huset. På kanten heng ei gamal kjøttkvern som er blitt oppbevaringsstad for pennar og blyantar. Og over kjøkenøya heng ein melkesil som er blitt til ein unik lampe.

- Eg trur eg har hatt dette kreative genet heile livet. Når eg kan redesigna og gjenbruка ting føler eg meg i mitt ess. Det gir meg masse energi!

Det er lett å bli overtydd av det Ingvild fortel. For dette er ekte engasjement. Det speglar seg i dei unike og stilige tinga ho har skapt til interiøret, i gardstunet ho har gitt nytt liv med kaklande naboar i hønsehuset, og bloggen; [www.skattar.blogspot.no](http://www.skattar.blogspot.no) - også kalla "Ny gul duk på bordet".

- Fleire og fleire får opp augo for gjenbruk og redesign. Det er ei trend eg håpar held fram. Ein får ei god kjensle når ein kan skapa noko sjølv. Dessutan er det jo bra for miljøet.

Sjølv har ho funne fleire skattar i bruktbua på SIM.

- SIM er heilt supert! Det er kjekt at folk legg att brukande ting der. Det må dei fortsette med, seier ho med eit smil.

Der har ho blant anna funne store lampeskjermar. Den eine ribba ho for trekket den var kledd med. Skjermen

gjer no ein utmerka jobb som bord for tekoppen i tv-kroken.

- Eg er nok litt hekta på lampar. Og snekring.

Ho svarar bekreftande på at ho etter kvart byrjar å bli ganske så handy. Men handy eller ei, - ho meiner alle kan redesigna ulike ting. Og det oppmodar ho meir enn gjerne til.

- Ein kan hente inspirasjon i ulike interiørmagasin og bøker, i innreiingsprogram på TV og på internett. Om ein nyttar søkeord som "redesign" og "DIY" (do it yourself) kan ein få fram masse forskjellig. Folk er galne!

Ingvild ler hjarteleg. I tillegg til hennar eigne tips oppmodar me gjerne til å vitje bloggen hennar. Der finn du ikkje berre gode tips. Du finn også flotte bilete og velskrivne tekstar. Kos deg!

# Bruk miljøsentralen



Privatpersonar kan levera måling, olje, lim, lakk og andre typar farleg avfall kostnadsfritt på ein av SIM sine miljøsentralar. Verksemder betalar etter vekta på avfallet dei leverer.

Både privatpersonar og verksemder pliktar å levera sitt farlege avfall til godkjent mottak. I vårt område er det SIM sine miljøsentralar. Derifrå vert avfallet sendt til forskriftsmessig behandling, som anten er energiutnytting (brenning) eller nøytralisering og langtidslagring.

10 % av alt farleg avfall som vert produsert her i landet hamnar i naturen, til stor skade for menneske, dyr og miljø. Det er her kvar og ein kan gjera ein innsats. Utan å måtta betala for det.

Elektriske- og elektroniske produkt (EE-avfall) skal leverast til miljøsentralen, eller til forhandlar av slike produkt. EE-avfall er alt som i si tid gjekk på straum eller batteri. Slike produkt er fulle av miljøskadelege stoff og må ikkje kastast i restavfallet.

## Døme på farleg avfall:

- Måling, lim og lakk
- Løysemidlar
- Sprayboksar
- Spillolje
- Reingjeringsmiddel
- PCB-haldige vindauge (produsert 1965-1980)
- rykkimpregnerte materialar

## Døme på EE-avfall:

- Mobiltelefonar, mp3-spelarar, klokker
- Fjernsyn og radioar
- Datamaskinar, dataspel og spelkonsoll
- Lysstoffer, sparepærer og vanlege lyspærer
- Alle typar batteri
- Leiker som blinkar eller bråkar
- Fjernstyrte bilar

## Berre for hytteabonnentar

Misbruk av SIM sine hyttekonteinrar er ulovleg. Det er berre dei som betalar abonnement for hytterenosjon som har lov til å bruka konteinrarane. Meld frå til SIM på tlf. 53 45 78 50 dersom du observerer misbruk, hærverk, at konteinaren er full eller at boset flyt på utsida. SIM ynskjer at det skal vera reint og ryddig kring konteinrarane. Det vil hyttebrukarane òg. Kjem det først bos på utsida, er det lett for at det blir meir.



## Utleiehytter og abonnement

Alle som har hytte i ein SIM-kommune må vera med i den kommunale hytterenosjonsordninga. Kommunestyret har bestemt at utleiehytter skal ha renosjonsabonnement som heilårshus, ikkje som fritidsbustad. Eigarar av utleiehytter kan kontakta SIM for å få ordna dette.

## Bruk innerpose i biodunken

Å ha ein innerpose av mais i biodunken, vil motverka problema med flugemakk sommarsdagen. Maisposane kan kjøpast i daglegvarehandelen eller hjå SIM og kan kastast i lag med bioavfallet. Godt reinhald av dunken med spyling etter kvar tömming vil også motverka flugemakken. Biodunken bør stå i skuggen, og bioposane lukkast godt igjen.

for meir info: [www.sim.as](http://www.sim.as)

SENDAR:

Sunnhordland  
Interkommunale  
Miljøverk IKS  
Svartasmoget  
N-5419 Fitjar

## OFFENTLEG INFORMASJON

# Kompostjord og plenblanding til hagen



Kompostjord og plenblanding kan heile året kjøpast på SIM sine miljøsentralar, med etterhald om at me kan gå tom i periodar.

Kompostjorda kan nyttast på jordbruksareal, i parkar og private hagar, men bør blandast med anna mold før planting. Plenblandinga derimot, kan du så direkte i utan å blanda inn anna

jord. Den består av halvt om halvt med kompostjord og sand.

Prisen er kr. 150 for ein liten tilhengjar. For større mengder kostar det kr. 300 per tonn. Kunden må sjølv ha med tilhengjar. I Svartasmoget, på Heiane og Husnes er det råd å få hjelptil å lessa på tilhengjaren. Dette kostar kr. 75.

## Representantskapet

Representantskapet er øvste organ i SIM, og det er sett saman av 24 medlemer, delt på dei sju eigarkommunane etter folketall. Medlemene kjem saman ein gong kvart år, og i 2015 skal dei møtast onsdag 29.april. Saker som skal opp på møtet kan ein få ved å ta kontakt med SIM.



Sunnhordland  
Interkommunale  
Miljøverk IKS

Svartasmoget, N-5419 Fitjar  
Telefon: 53 45 78 50  
Telefaks: 53 45 78 60

E-post: sim@sim.as  
Nettstad: www.sim.as

## 🕒 OPNINGSTIDER MILJØSENTRALANE\*

\*Påskeaftan, julaftan og nyttårsaftan stengt.

### AUSTEVOLL, PORSDALEN

Torsdag kl. 10.00-18.00  
Perioden 1. april-30. sept.: Annankvar laurdag (oddetalsveker) kl. 09.00-14.00  
Perioden 1. okt.-31. mars:  
Siste laurdag i månaden kl. 09.00-14.00

### BØMLO, HOLLUNDSDALEN

Måndag, tysdag, onsdag og torsdag kl. 12.00 – 18.00

### FITJAR, SVARTASMOGET

Måndag kl. 10.00 – 18.00

KVINNHERAD, HUSNES INDUSTRIMRÅDE  
Måndag og torsdag kl. 13.00 – 18.00  
Tysdag og fredag kl. 08.00 – 13.00  
Perioden 1. april – 30. sept.: Annankvar laurdag (partalsveker) kl. 09.00 – 14.00  
Perioden 1. okt. – 31. mars:  
Første laurdag i månaden kl. 09.00 – 14.00

### STORD, HEIANE MILJØSENTRAL

Måndag –fredag kl.10.00 – 18.00  
Laurdag kl. 10.00 – 14.00

### SVEIO, SVEIÅSEN

Måndag og torsdag kl. 10.00-18.00

TYSNES, EREDALEN  
Tysdag kl. 10.00 – 18.00  
Perioden 1. april – 30. sept.: Annankvar laurdag (partalsveker) kl. 09.00 – 14.00  
Perioden 1. okt. – 31. mars:  
Siste laurdag i månaden kl. 09.00 – 14.00